

Møteinnkalling

Utval:	Vestland ungdomsutval
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	17.02.2021
Tid:	17:30

Lenke for oppkopling kjem i oppdatert outlookinnkalling.

Program

Kl 17:30 Møtestart og saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Vestland ungdomsutval. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Susanne Sørli Slettebakken

leiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 3/21 GK 4/21	Godkjenningssaker Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 05.02.2021	2019/82	
RS 1/21	Referatsaker Informasjon om planprosess - klimaplan	2021/2254	
PS 6/21 PS 7/21	Politiske saker Vidare diskusjon og innspel til FFU 2021 Innkjøp av profileringsartiklar - prisar	2019/82 2019/82	

Godkjenningssaker
GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksnr: 2019/82-39
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	4/21	17.02.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 05.02.2021
Møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 05.02.2021 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Vestland ungdomsutval
Møtestad:	video, fjernmøte
Dato:	05.02.2021
Tid:	09:00-14:00

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Susanne Sørli Slettebakken	Leiar	
Leander Mullen Sunde	Nestleiar	
Matilde Myklatun Hole	Medlem	
Marius Helgheim Ahmt	Medlem	
Synne Skulstad Birkhaug	Medlem	
Lisa Horpen	Medlem	
Kjersti Helene R. Hidle	Medlem	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon
Mia Holdhus	Medlem

Følgjande varamedlemer vart kalla inn, men hadde ikkje høve til å møta:

Namn
Emilie Mortvedt
Edas Kondrotas
Sofie Krumsvik

Merknader

Medlem Ebbe lo - møtte ikkje, forfall ikkje meldt.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ruth Ørnholt	Seniorrådgjevar - avd. for kultur, idrett og inkludering
Ingeborg Sofie Sætrevik	Rådgjevar - avd. for innovasjon og næringsutvikling
Ingjerd Skogseid	Seniorrådgjevar - avd. for innovasjon og næringsutvikling
Torill Klinker	Seksjonsleiar - transportplanseksjonen
Arild Knapskog	Rådgjevar - politisk sekretariat

Saksliste			
Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 11.12.2020	2019/82	
	Politiske saker		
PS 1/21	Budsjett for Vestland ungdomsutval 2021	2019/82	
PS 2/21	Innkjøp av profileringsartiklar - prisar	2019/82	
PS 3/21	Informasjonsfilm om Vestland ungdomsutval	2019/82	
PS 4/21	Brev til Skyss - vi treng eit betre kollektivtilbod	2019/82	
PS 5/21	VU sine innspel til fylkesting for ungdom 2021	2019/82	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 11.12.2020

Møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 11.12.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 11.12.2020 vart godkjent utan merknader.

Politiske saker

PS 1/21 Budsjett for Vestland ungdomsutval 2021

Forslag til innstilling

1. Fylkesting for ungdom godkjenner rekneskapet for 2020
2. Fylkesting for ungdom vedtek budsjett ofr fylkesting for ungdom 2021 slik det vert presentert i saka

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Innstilling til fylkesting for ungdom

1. Fylkesting for ungdom godkjenner rekneskapet for 2020
2. Fylkesting for ungdom vedtek budsjett ofr fylkesting for ungdom 2021 slik det vert presentert i saka

PS 2/21 Innkjøp av profileringsartiklar - prisar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte»

Avrøysting

Slettebakken sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

PS 3/21 Informasjonsfilm om Vestland ungdomsutval

Forslag til vedtak

Denne saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval ventar på svar frå Hyssingen produksjonsskole. I tillegg til filmen som er ynskja å lage i samarbeid med Hyssingen, ynskjer VU å lage ei eiga produsert video»

Avrøysting

Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland ungdomsutval ventar på svar frå Hyssingen produksjonsskole. I tillegg til filmen som er ynskja å lage i samarbeid med Hyssingen, ynskjer VU å lage ein eigenprodusert video.

PS 4/21 Brev til Skyss - vi treng eit betre kollektivtilbod

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slikt forslag:

Vestland ungdomsutval vil svare på spørsmåla Sander Eide Aase har i brevet «Skyss lyttar ikkje!». VU vil sende desse svara til Sander med eit ynskje om å vere med på eit innspel til Skyss med dei andre ungdomsråda i fylkeskommunen som òg ynskjer dette.

Har de hatt problem med kollektivtransport i dykkar kommune? Ja. Ein kan ikkje bruke skulekortet på ekspressbussar i Sunnfjord. Det er lite fritidsaktivitetar i Eidfjord kommune, og mange unge drar difor til Voss for å delta på fritidsaktivitetar. Dette er vanskeleg fordi det er få avgangar tilbake til Eidfjord på kvelden og på dårlege tidspunkt. På Askøy og Alver har me venta på bussar som aldri kom grunna mangel på informasjon om drift.

Har de ting de vil ta opp med Skyss? Dei kan bli betre på å få ut informasjon fort nok, sende ut driftsmeldingar fortare og ikkje berre i Skyss sine appar. Moglegeins ta i bruk andre plattformer, t.d. Twitter og Facebook. Få skulekortet inn i appen, eventuelt bruke

skule.id og QR-kode for å registrere det Fleire bussar i rushtida, spesielt no i covid-tider og i områder med skuler.

Har de prøvd å kontakta Skyss/Kringom? Korleis gjekk det? Fekk litt nyttig informasjon, men ikkje heilt svar på det me lurte på.»

Avrøysting

Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland ungdomsutval kjem med følgjande uttale:

Vestland ungdomsutval vil svare på spørsmåla Sander Eide Aase har i brevet «Skyss lyttar ikkje!». VU vil sende desse svara til Sander med eit ynskje om å vere med på eit innspel til Skyss med dei andre ungdomsråda i fylkeskommunen som òg ynskjer dette.

Har de hatt problem med kollektivtransport i dykkar kommune? Ja. Ein kan ikkje bruke skulekortet på ekspressbussar i Sunnfjord. Det er lite fritidsaktivitetar i Eidfjord kommune, og mange unge drar difor til Voss for å delta på fritidsaktivitetar. Dette er vanskeleg fordi det er få avgangar tilbake til Eidfjord på kvelden og på dårlege tidspunkt. På Askøy og Alver har me venta på bussar som aldri kom grunna mangel på informasjon om drift.

Har de ting de vil ta opp med Skyss? Dei kan bli betre på å få ut informasjon fort nok, sende ut driftsmeldingar fortare og ikkje berre i Skyss sine appar. Moglegeins ta i bruk andre plattformer, t.d. Twitter og Facebook. Få skulekortet inn i appen, eventuelt bruke skule.id og QR-kode for å registrere det Fleire bussar i rushtida, spesielt no i covid-tider og i områder med skuler.

Har de prøvd å kontakta Skyss/Kringom? Korleis gjekk det? Fekk litt nyttig informasjon, men ikkje heilt svar på det me lurte på

PS 5/21 VU sine innspel til fylkesting for ungdom 2021

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev slike innspel til fylkesting for ungdom Vestland 2021:

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slikt forslag:

«Vestland ungdomsutval er i gang med planlegginga av fylkesting for ungdom 2021. Medlemene i utval skal til neste møte kontakte ynskja ordstyrarar og innleiarar. Dei skal òg idémyldre meir om innhald til helga. I tillegg vil arbeidet med mogelege endringar i planprogrammet byrje.»

Avrøysting

Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland ungdomsutval er i gang med planlegginga av fylkesting for ungdom 2021. Medlemene i utval skal til neste møte kontakte ynskja ordstyrarar og innleiarar. Dei skal òg idémyldre meir om innhald til helga. I tillegg vil arbeidet med mogelege endringar i planprogrammet byrje.

Referatsaker
RS 1/21 Informasjon om planprosess - klimaplan

Saksnr: 2021/2254-1
Saksbehandlar Ida-Beate Mølmesdal
Dato: 25.01.2021

Til: Vestland Ungdomsutval

Frå: Fylkesrådmannen

Informasjon om planprosess - klimaplan


Arbeidet med ny regional plan for klima har starta opp, og dette dokumentet er meint som eit informasjonsnotat til Vestland ungdomsutval for å orientere om at prosessen er i gang.

Bakgrunn for arbeidet

Utviklingsplan for Vestland¹ er vedtatt og Vestland fylkeskommune skal starte arbeidet med ein regional plan etter plan- og bygningslova (PBL 2008). Planprosessen skal ende med ein plan som synleggjer korleis vi i Vestland skal jobbe for å legge klima og miljø som premis for samfunnsutviklinga, samt følge opp tilhøyrande strategiar. Utviklingsplanen legg også nokre føringar for korleis ein regional planprosess skal gjennomførast i Vestland, både framdrift, organisering og medverknad.

Planarbeid i Vestland er inndelt i fem hovudfasar:

- **Utarbeiding og høyring av planprogram**
- Utarbeiding av planforslag
- Høyring og offentleg ettersyn
- Vedtaksfase fram til vedtak i fylkestinget
- Gjennomføringsfase



Vi jobbar no med denne fasen

Dette notatet er ei orientering til Vestland ungdomsutval og meint som eit fyrste dokument for å kople utvalet på arbeidet. Vi vil i hovudsak fokusere på fyrste fase - *planprogramfasen (fase 1)*. Heile planprosessen vil følge framdrift som skildra i utviklingsplanen, med vedtak av planen og handlingsprogram innan 2 år. Organiseringa av arbeidet tek utgangspunkt i hovudprinsippa om enkel organisering, bruk av eksisterande organ der mogeleg, samt sikre brei medverknad i sektorovergrepande tema. I utviklingsplanen vert det skildra at oppstartsfasen kan vere enklare organisert enn planfasen (s. 43).

Kvifor lagar vi eit planprogram?

Krav om planprogram gjeld for alle regionale planar etter plan- og bygningslova, som denne planen er. Som eit minimum skal planprogrammet forklare kvifor vi skal gjennomføre dette planarbeidet og kva vi ynskjer å oppnå, vi skal skildre kva vi tenkjer å gjere i planprosessen, og korleis vi skal organiserer medverknadsprosessen. Eit planprogram er ei «oppskrift» eller «plan» for planlegginga, både på innhald og prosess.


Kva vi har gjort til no

¹ [Utviklingsplan for Vestland](#)

- Det er etablert ei intern arbeidsgruppe som har som oppgåve å produsere eit planprogram på ein effektiv og god måte. Det er ikkje planlagt store eksterne medverknadsprosessar før planprogrammet vert lagt ut på offentleg høyring.
- Arbeidsgruppa jobbar for å få ei oversikt over tilgjengeleg kunnskap for å skaffe ei oversikt over kunnskapsgrunnlaget som grunnlag for å diskutere overordna tema. Samstundes ser vi etter behov for nye utgreiingar. 2020-2030 vert ofte omtalt som «handlingens tiår», så vi ynskjer å bruke mest tid på den delen av planane som inkluderer handling, altså mål og tiltak.
- Arbeidsgruppa har gjennomført to møte med enkel evaluering av gjeldande klimaplanar i frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Eitt møte saman med Statsforvaltaren (gamle Fylkesmannen i Vestland) og eitt møte internt i klimaseksjonane i fylkeskommunen. Dette har vore ein arena for å løfte fram dei gode delane av tidlegare arbeid, kva vi har vore mindre gode på, og dialog om vegen vidare.
- Hausten 2020 samarbeida Statsforvaltaren og stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering (i VLFK) om å gjennomføre ei undersøking ute i kommunane. Dette var fyrste aktivitet knytt til planprosessen. Vi spurte om kva planar dei hadde for å lage egne nye klimaplanar, samt kva tema dei trengte mest rettleiing på frå Statsforvaltaren og fylkeskommunen. Dette gav god oversikt over planane i kommunane, samt betre oversikt over tilpassing av fylkeskommunen sin planprosess til kommunane sine prosessar.
- Det er etablert ei eiga [nettside for klimaplanarbeidet](#). Denne sida vil bli oppdatert kontinuerleg etter kvart som planprosessen får meir fastsette rammer og politiske vedtak. Nettsida inkluderer to viktige punkt per i dag:
 - Klimadashbord som gir oversikt over klimagassutsleppa i Vestland, også på kommunenivå. Dette kan vere ein ressurs for kommunane i sitt arbeid.
 - Enkel [spørjeundersøking](#) om kva Vestlandssamfunnet meiner er viktige tema for ein ny klimaplan. Vi oppmodar alle til å fylle inn kva dei meiner er viktige tema. **Del gjerne** med dykkar kontaktar også.

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogrammet

Planprosessen legg den overordna strukturen som er naudsynt for å nå måla i utviklingsplanen. Vi riggar no det grønne lokomotivet. Dei politiske visjonane skal operasjonaliserast, og vi må legge strukturane for å korleis vi skal arbeide med samfunnsutviklinga vidare. Planprogramfasen følger denne skissa for framdrift. Fylkesutvalet får utkast til planprogram til handsaming 20. april, og avgjer då om dei legg dette ut på høyring.



Vestland Ungdomsutval vidare i planprosessen

Arbeidet med ein regional plan som skal ta for seg klimautfordringane kan vere spesielt interessant for ungdomsutvalet å delta i, då det er dykkar generasjon som vert sittande att med dei fleste konsekvensane av dagens tiltak, eller manglande tiltak. Vi ynskjer å ha eit godt samarbeid og dialog med framtidens nullutsleppsgenerasjon og ynskjer å nytte dette utvalet i prosessen.

Vestland Ungdomsutval har møte i 19. mars, og i dette møtet vil de få ei ny politisk sak.

Vi ynskjer at det til den tid vert vurdert kva utvalet ser på som hovudutfordringane framover frå dykkar ståstad. Kva tema bør planen inkludere og kva ynskjer utvalet at resultatet skal munne ut i. Desse innspela ynskjer vi å inkludere for å utforme høyringsutkastet til planprogrammet til møtet 20. april.

Mål i utviklingsplanen og FN sine berekraftsmål

Utviklingsplan for Vestland set rammene for arbeidet vidare. Mål 2 seier at vi i Vestland skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Det er samstundes naudsynt at vi ser på alle dei fire måla i utviklingsplanen og FN sine berekraftsmål.

Klimaplanen vil ta utgangspunkt i miljødimensjonen av berekraft, men samstundes ta omsyn til dei resterande dimensjonane (sosial og økonomisk). Tre viktige berekraftsmål vil vere å stoppe klimaendringane (13), ivareta livet på land (14) og livet på land (15).



Mål 2

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategiar:

- 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Politiske saker
PS 6/21 Vidare diskusjon og innspel til FFU 2021

Saksnr: 2019/82-38
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	6/21	17.02.2021

Vidare diskusjon og innspel til FFU 2021

Forslag vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag

I PS 5/21 vart det bestemt at ungdomsutvalet skulle kontakte ynskja ordstyrarar og innleiarar til fylkesting for ungdom 2021, samt fortsette planlegginga av FFU. Vestland ungdomsutval bes i den samanheng kome med oppdateringar og vidare innspel til program og opplegg til fylkesting for ungdom 2021.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Arild Knapskog
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksnr: 2019/82-35
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		05.02.2021

VU sine innspel til fylkesting for ungdom 2021

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev slike innspel til fylkesting for ungdom Vestland 2021:

Samandrag

Vestland ungdomsutval vedtok i møtet 11. desember at fylkesting for ungdom (FFU) skal haldast 9.-11. april. FFU kjem til å bli eit stort arrangement. Om ein reknar med at kvar kommune stillar med to delegatar vil vi kome opp i 86 delegatar. I tillegg kjem administrasjonen og spesielt inviterte. Planlegginga av FFU er i gong, og Vestland ungdomsutval bes i den samanheng og kome med innspel til program og opplegg.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Arild Knapskog
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Dato

Datoen for fylkesting for ungdom Vestland er 9.-11. april og vart vedteken i Vestland ungdomsutval sitt møte 11. desember.

Stad

Fylkesting for ungdom Vestland skal etter planen gjennomførast i Bergen på Quality Hotel Edvard Grieg. Hotellet ligg nær kollektiv transport og Flesland. Tidlegare fylkesting har det vore vanleg å benytte trippelrom for delegatane som deltek, dette for at deltakarane kan bli betre kjend med kvarandre. Grunna pandemisituasjonen og smittevernsyn, kan det dette året vere naudsynt med enkeltrom. Om forholda ikkje tillèt ein fysisk samling, blir det lagt opp til at fylkesting for ungdom blir arrangert digitalt.

Invitasjon

Innkallinga til FFU skal bli sendt ut fem veker før FFU skal arrangerast, og alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to ungdommar til FFU som delegatar. Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Her er det førstemann til mølla. Observatørar har talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

Framover

Arbeidet med å arrangere FFU er framleis i startfasen og det vil bli jobba kontinuerleg med å få på plass sentrale dokument til møtet i samarbeid med VU.

Innspel frå VU

For at dette skal bli eit spanande og interessant arrangement er vi avhengig av innspel og hjelp. Forslag om foredragshaldarar, relevante tema og sosiale aktivitetar tas i mot utan atterhald. Målet er at dette blir eit arrangement der alle kan føle seg inkludert og alle kan bidra.

Administrasjonen ber difor VU om å kome med innspel, idear og forslag til innhald og struktur på fylkesting for ungdom Vestland.

Saksnr: 2019/82-31
Saksbehandlar: Åse Kittang

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval	2/21	05.02.2021
Vestland ungdomsutval	7/21	17.02.2021

Innkjøp av profileringsartiklar - prisar

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte»

Avrøysting

Slettebakken sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

Samandrag

I Vestland ungdomsutval sitt møte 11.12.2020 blei det i PS 24/20 vedteke å innhente prisoverslag på ulike profileringsartiklar.

Vedlagt er ei oversikt over prisar på dei vedtekne artiklane.

Vestland ungdomsutval bes ta stilling til om det skal kjøpast inn noko, kva som skal kjøpast inn og i kva kvantum det skal kjøpast inn profileringsartiklar basert på dei tilbod som er gitt.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Åse Kittang
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Takk for info og her kommer priser til deg. På dette antall / 14 stk. pr. produkt. Ev. 16 stk.
Egen logo i 3 farger/egen logo

16 stk. Hettegenser med logo og den enkeltes navn trykket på genser (bruk same genser som tilbudt tidligere) Denne genseren er utgått , og kan ikke leveres i alle størrelser.

Basic hettegenser 65% polyester- 35% bomull - 280 gr/m2

Pr. stk.kr. 585,-

Ved å bruke kun fornavn vil dere spar kr. 33,- pr. stk.



Miles stålflaske med logo 3 farger

Pr. stk. kr. 580,-

Munnbind med logo (vi tar same type munnbind som tidligere i dag, men med egen logo for Vestland ungdomsutval)

Pr. stk. kr. 255,-

Paraplyar med logo 3 farger på 1 panel

Sammeleggbar paraply

Pr. stk.kr. 399,-



Lang paraply

Pr. stk. kr. 349,-



Handlenett i bomull med logo 3 farger

Pr. stk.kr. 220,-

Øvrige priser:

Klistremerker 1 3 farger / **her må jeg få oppgitt størrelse og form . Hvilke antall ønsker her ?**

Penner med 3 farget logo, laget av plastflasker
v/1000 stk. pr. stk. kr. 10,50



Jeg har også en pen hvor du kan kjøpe 300 stk. som min. antall
Smart penn inkl. 3 farget logo
Pr. stk.kr. 21,50



Blyant 19 cm med logo i 3 farger
v/100 stk. pr. stk.kr. 35,-
v/250 stk. pr. stk. kr. 20,-



Drops pakket pr. stk. inkl. 3 fargete logo
Min. antall 25 kg. (ca. 200 stk. pr. kg)
Pr. kg. Kr. 260,-



Alle priser er ekskl. moms og frakt.

Ved mindre antall som dette blir prisene høye da dette også inkluderer alle startkostnader og frakt.

Se gjerne over dette og jeg hører fra deg.

Ha en fin dag.

Takk for info og her kommer priser til deg. På dette antall / 14 stk. pr. produkt. Ev. 16 stk.
Egen logo i 3 farger/egen logo

16 Stk. Hettegenser med logo og den enkeltes navn trykket på genser (bruk same genser som tilbudt tidligere) Denne genseren er utgått , og kan ikke leveres i alle størrelser.

Basic hettegenser 65% polyester- 35% bomull - 280 gr/m2

Pr. stk.kr. 585,-

v/50 stk. pr. stk. kr. 310,- v/100 stk. pr. stk. kr. 285,-

Ved å bruke kun fornavn vil dere spar kr. 33,- pr. stk.



Miles stålflaske med logo 3 farger

Pr. stk. kr. 580,-

v/50 stk. pr. stk.kr. 260,- v/100 stk. pr. stk.kr. 184,-

Munnbind med logo (vi tar same type munnbind som tidligere i dag, men med egen logo for Vestland ungdomsutval)

Pr. stk. kr. 255,-

v/100 stk. pr. stk.kr. 59,-

Paraplyar med logo 3 farger på 1 panel

Sammeleggbar paraply

Pr. stk.kr. 399,-

v/100 stk. pr. stk. kr. 169,-



Lang paraply

Pr. stk. kr. 349,-

v/100 stk. pr. stk.kr. 119,50



Handlenett i bomull med logo 3 farger

Pr. stk.kr. 220,-


v/100 stk. pr. stk.kr. 69,-

Øvrige priser:

Klistremerker 1 3 farger / **her må jeg få oppgitt størrelse og form . Hvilke antall ønsker her ?**

Penner med 3 farget logo, laget av plastflasker

v/1000 stk. pr. stk. kr. 10,50



Jeg har også en pen hvor du kan kjøpe 300 stk. som min. antall

Smart penn inkl. 3 farget logo

Pr. stk.kr. 21,50



Blyant 19 cm med logo i 3 farger

v/100 stk. pr. stk.kr. 35,-

v/250 stk. pr. stk. kr. 20,-



Drops pakket pr. stk. inkl. 3 farget logo

Min. antall 25 kg. (ca. 200 stk. pr. kg) **25 kg. Er min. antall ved bestilling**

Pr. kg. Kr. 260,-



Alle priser er ekskl. moms og frakt.